Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Suldal

Emne:

Bygdelag:

Oppskr. av: Johan Økla

Gard:

(adresse): Bråtveit

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1) Mjølk

Eg trur mjølka vart mjølka meir i hushaldet her før enn så no vert. Då vart i Nedre Suldal, der ein levera mjølk til Sand Meieri.

2) Mjølka var òg mykje av ein leskedrykk. Kom ein på stølen, så vart ein boden mjølk, søt. Og var det eit menneske ein ville gjere ære på — så vart ein boden drikke av kolla. Til vanleg vart ein boden drikke av skålø. Og tørste ein no, og sommardagen var varm, så fekk ein drikke seg utyrst — om det så gjekk 2-3 skåler. Ein var ikkje småleg sales på stølen.

Til vanleg ta ståddrikka heime brukha ein bleng — ei blanding av (sur) mjølk og vatn. Eller ein fekk

5295

drikke skjør av hokken" då vinst husbonden var det verd. Og så hadde ein sanglet. Men det beste ut å ta tosten var nå sin üngjeh med jernn oggi!

Øl

Ein brygga jamt om våren. Det var likeså vinst som detta å bryggja te jul. For ein lika å noko øl i slåtten. Men det var på jamnan lunnare enn juleølet. Ein tala her om "lettadrikka". Ølbryggingga var vanleg her til 1890–1900.

Kaffi

Det fyrste me veit av di bruka kaffi i vetlene her, var i eit salabad i Fannabø. Det var med Marta Ulabjå var smågjente, og ho var fødd kring 1835. Og då, i salabad, hadde dei ikkje brent kaffien. Dei kom ikkje på det. Dei koka baunene i ei gryte og drakk søe!

Og lenge var det så at ein einast bruka kaffi i vetlene. Ikkje ut kvardags.

5295 NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Det var og så sume stader
at skålte kaiane og budei-
ene (helst eldre) med seg
kaffi sjølve. Det var lenge
ein regel. det alt til 1880-åra

Men frå 1890 vart det
vanleg med kaffi. Ein
kjøpte han rå. Og brende
han i gryte heime. Og
hadde kaffi at morgons
og til nons. Ein var
redd for kaffein før. Ein
talde banne ein hadde
på koerna. Eller og gji
"Kremortaren". På Stølen
hadde ein aldri kvern.
Berre mortar". Og så
sette ein til noko ein
kalla "kaffirot". Ein
"letteste" gjore noko på
sjølve kaffein med det.
Og så vart han bekande
svart av denne rota



Ein klara kaffein
med kaffiskinn, som
ein kjøpte.

(Og i Sand hadde
ein gjort kanel på
kaffikjelen juledags-
morgonen — det til 1910
–12) Eg har sjølv drukke
kanelkaffi i Sand.
Det var berre med jul
ein hadde kanel i
kaffien — kanelstenger.

5295

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Og dette med å sjå
i kaffigrauten har lenge
vore eit tidåtkøyte for
ungdomen. Og er dette
nokon mon ennå i
Suldal.

Ein hadde jamt
brun-sukker at kaffien,
— i store klumpar. Seinare
vart det vis å setje sukker-
skåla på bordet når
det kom framande —
med strøsukker i.

Ein bruka mjølk
i kaffien, søt. Og fløyte i
vitter og åt framande.
Og stundom hadde ein
kvit-geitost i kaffien,
skjesost, dei sa. Det brukar
ein at dels ennå.

Te.

Te er lite bruka her.
Og har dei te, så er det
til framande. Men det
er nå kaffien som er
gjævaste.

Brennivin.

Ein fekk stundom
ein dram av husbonden
når siste kornbandet var
kome i staden — Tenarane
altså. Eller når ein hadde
det sers strevsamt med
høyet ein dag — då smaka
det me ein-go' dram så
dei gamle.

5295
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING